



## Hjartdal og Svartdal

TELEMARK

mars 2021

# Retningsliner og rettleiing for tilskot til Utvalt kulturlandskap – Hjartdal og Svartdal 2021

Vi har 46 *Utvalde kulturlandskap* i Noreg. Eitt av desse er Hjartdal og Svartdal i Vestfold og Telemark. Det kom på lista i 2017. Frå 2020 vart ordninga og ansvaret med utvalde kulturlandskap overført til kommunane.

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruksområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap*, [FOR-2019-12-18-2024](#)

### Føremålet:

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å bidra til å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og med dette sikre langsiglig skjøtsel og drift, jf. § 1 i forskrifta.

### Kva for område gjeld ordninga for:

Forskrifta gjeld det utvalde kulturlandskapet Hjartdal og Svartdal slik det er merka av i forvaltingsplanen for området og i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no), jf. § 2 i forskrifta.

### Kven kan søkje:

Alle som har eigedom og interesser innanfor avgrensinga t.d. grunneigarar, drivarar, hytteeigarar, lag og organisasjonar som medverkar til å nå måla i forvaltingsplanen og eventuelle skjøtselsplanar, kan søkje. Dersom søker ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar eller andre rettshavarar.

### Kriterium for tildeling av tilskot, jf. § 3 i forskrifta:

Nedanfor er oversikt over dei ulike kulturlandskapstema ein kan søkje om tilskot innanfor:

#### 1. Landskapsskjøtsel

**Mål:** Ta vare på og utvikle eit mangfold av det verdifulle kulturlandskapet i jordbruksområdet.

#### 2. Biologisk mangfald

**Mål:** Ta vare på og skjøtte biologiske verdifulle areal i jordbruksområdet kulturlandskap slik at dei oppnår god tilstand og leverer økosystemtenester.

Betre statusen for trua artar og naturtypar i jordbruksområdet kulturlandskap.

#### 3. Kulturminne og kulturmiljø

**Mål:** Ta vare på kulturminne og kulturmiljø i jordbruksområdet kulturlandskapet som ressurs for kunnskap, oppleveling og bruk.

#### 4. Ferdsel og friluftsliv

**Mål:** Gjere ålmenta sin tilgang til jordbruksområdet kulturlandskapet betre gjennom å leggje til rette for tilgjenge og opplevelingar knytt til natur, kulturarv og jordbruksområdet.

Ta vare på kvalitetar knytt til opplevelingar i området og leggje til rette for gode naturopplevelingar. Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrringar på plante- og dyrelivet og øydeleggingar av kulturminne og kulturmiljø.

## 5. Planlegging, kartlegging og dokumentasjon

**Mål:** Sikre heilsakapleg forvalting av dei utvalde landskapa basert på tverrfagleg kunnskap og gjennom gode prosessar, brei involvering og forankring i områda.

Sikre kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar.

Sikre kartlegging og dokumentasjon av behov for skjøtsel og sikring av natur og kulturminneverdiar.

## 6. Andre næringsretta tiltak

**Mål:** Leggje til rette for auka verdiskaping. Auka bruk av natur- og kulturarverdiane som ressursar for lokal verdiskaping, næringsutvikling og sysselsetting i området.

## 7. Formidling

**Mål:** Skape interesse, entusiasme og forståing av kva Utvalde kulturlandskap er og kva verdiar som finst i området.

Kommunen kan ved å løyve tilskot til det enkelte tiltaket, setje vilkår i vedtaksbrevet. Kommunen skal skaffe nødvendig kunnskap om landbruk, natur og kulturminne før ein gjer vedtak om tildeling av tilskot. Tiltak som er starta eller ferdig, vil normalt ikkje få tilskot.

## Tilskotsramme for UKL Hjartdal og Svartdal 2021:

UKL Hjartdal og Svartdal har ei totalramme på **1.160.000 kr** for 2021.

Det er sett av pengar til fellestiltak slik i 2021:

- 160.000 kr til oppstart av bygningsrapport for Hjartdal pluss møte, samlingar, turar o.l.
- Dei resterande **1.000.000 kr** er sett av til tiltak du kan søkje på.

Styret for UKL Hjartdal og Svartdal har for 2021 prioritert først og fremst restaurering av **eldre bygningar**, tiltak som fremjar **biologisk mangfald** og til **næringsutvikling**.

Tiltaka må vere i tråd med forvaltingsplanen for UKL Hjartdal og Svartdal. Kommunane gjer vedtak. Styret vil prioritere tilskot til restaurering av bygningar nokre år framover.

Du er velkommen til å søkje på alle tema som måtte høve for deg, men **merk deg kva som er prioritert**.

## Korleis søker du og kva vilkår gjeld:

- Du sender inn søknaden digitalt med innlogging via ID-porten/[www.altinn.no](http://www.altinn.no)
- Tiltaket du søker på skal merkast av på kart som skal ligge ved søknaden. Bruk gjerne gardskart (<https://gardskart.nibio.no/search>).
- Mangelfulle søknader kan kommunen avvise. Spør dersom du er i tvil om kva du bør søkje på.
- Det er viktig at tiltaket vert dokumentert med foto før og etter. Ved delutbetaling skal det også leggast ved foto som viser framdrifta av tiltaket.
- Arbeidsfrist er normalt hausten 2022.
- **Søknadsfrist er 25. april 2021**

Rettleiande satsar for eigeninnsats:

Maks. tilskot pr. bygning er 40 % av godkjent (detaljert) kostnadsoverslag, eller avgrensa til maks. 75.000,- pr. bygning.

Manuelt arbeid kr 300 pr. time

Ryddesag, motorsag, tohjulsmaskinar ol kr 400 pr. time

Traktor m/førar kr 500 pr. time

Sats for bordgjerde, inkl. arbeid og materialar kr 150 pr. løpemeter

Utlegg som ikkje kan dokumenterast med kvittering/bilag og/eller timelister kan ikkje takast med i oversikten.

## Kontaktpersonar:

Maria Fremmerlid, e-post: [maria.fremmerlid@hjartdal.kommune.no](mailto:maria.fremmerlid@hjartdal.kommune.no) – mob.nr. 408 04 130

Torunn Raftevold Rue, e-post: [torunn.rue@seljord.kommune.no](mailto:torunn.rue@seljord.kommune.no) – mob.nr. 959 08 440

**Velkommen som søker!**